



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030 Dep.

0030 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2007/149	1606/2007	C60	STAB / ØJ	17.04.2007

MELDING OM VEDTAK **Høyringsuttale - Bibliotekreform 2014**


Sande oppvekst- og kulturutvalet handsama i møte den 16.04.07 sak 11/07. Følgjande vedtak vart fatta:

Sande kommune sluttar seg til vedlagde fråsegn til høyringa om Bibliotekreform 2014.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift
Sande Servicekontor

Marit Furnes Kobbavik
Sekretær



SANDE KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Øystein Johansen Arkivsaknr: 2007/149-1496/2007
Arkiv: C60

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
11/07	Oppvekst- og kulturutvalet	16.04.2007

Saka gjeld: **HØYRINGSUTTALE - BIBLIOTEKREFORM 2014**

Tilråding:

Sande kommune sluttar seg til vedlagde fråsegn til høyringa om Bibliotekreform 2014.

Handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet :

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Sande kommune sluttar seg til vedlagde fråsegn til høyringa om Bibliotekreform 2014.

SERVICEKONTORET, 6084 Larsnes, 17. april 2007

Marit Furnes Kobbervik

Særutskrift:

Sande Bibliotek

Kultur- og kyrkjedepartementet, postboks 8030 dep, 0030 Oslo (+ elektronisk til postmottak@kkd.dep.no)

Vedlegg:

1. Kortversjon av høyringsdokumentet
2. Framlegg til høyringsuttale

Saksopplysningar:

Utgreiinga "Bibliotekreform 2014" ligg føre til høyring frå KKD med høyringsfrist 1. mai. Eit felles framlegg til interkommunal fråsegn og ein kortversjon av utgreiinga vart utdelt til OPK-utvalet på forrige møte. Tilgangsadresse på internett til heile dokumentet vart også delt ut. Målsettingar og strategiar går fram av dokumentet.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for demokratiet å gje respons på høyringar. OPK-utvalet er fagutval for kultur i Sande, og bør kunne melde tilbake om vår ståstad i saka. Det framlegget som ligg føre, gjev uttrykk for skepsis til sentralisering og samanslåing, men er positivt til styrking, samarbeid og betre tenester. Det siste her er i stor grad avhengig av at reforma ikkje er ei innsparing, men ein vilje til eit betre bibliotektilbod for alle. Då må det også brukast ressursar på tenestene.

Ideen om eit sentralisert bibliotek med breiare utval står kanskje i kontrast til ynskje om nærleik til brukaren og fysisk tilgang til bøker og informasjon. Det går i alle høve ei grense for kor lange avstandar vi vil akseptere, sjølv om datateknologi og logistikk kan bøte ein del på dette.

Ein tilrår difor at OPK-utvalet støttar den framlagde fellesfråsegna.

Larsnes, 11.04.2007

Gudmund Sandnes
rådmann

Øystein Johansen
kommunalleiar